

Strateginotat for Vestlandsrådet

Fylkeskommunane på Vestlandet har tradisjonar for eit tett og godt samarbeid, og etter førebuande arbeid vart Vestlandsrådet konstituert 8. januar 2003.

Etter ein prosess gjennom 2008, har Vestlandsrådet gått gjennom funksjon og rolle for rådet, og med dette utarbeida strateginotatet for å presisere det politiske grunnlaget for rådet.

Kvifor eit Vestlandsråd?

Vestlandet er ein ressursrik og sterk landsdel med gode levekår. Landsdelen står for ein vesentleg del av dei verdiane som blir skapte i Noreg, og har langt på veg ein samanfallande næringsstruktur særleg basert på sjøretta aktivitetar og reiseliv. Næringslivet er sterkt konkurranseutsatt, men ligg på mange område i teten internasjonalt.

Skal vi utvikle vidare vårt næringsgrunnlag og gode levekår vidare, trengs det eit samarbeid mellom Vestlandsfylka. Det må også arbeidast for å få gode kommunikasjonar både internt og mot omverda.

Vestlandsrådet har særleg fokus på interessehevdning og politikkdrøfting om viktige politiske saker for Vestlandet med sikte på å påverke nasjonal og også internasjonal politikk.

Mål for samarbeidet

Fylkeskommunane på Vestlandet skal gjennom politisk samarbeid innan område som t.d. kompetanse, energi, samferdsel, næringsliv, kultur, folkehelse og internasjonalt arbeid:

- styrke utviklinga til beste for dei som bur i regionen.
- løyse felles utfordringar for Vestlandet.
- aktivt påverke statlege rammeføresetnader.
- arbeide for at fylkeskommunane får overført oppgåver som vil kunne få ei betre løysing gjennom å bli desentralisert til regionalt nivå.

Eit slikt utviklingsorientert, faglig og politisk samarbeid skal styrkje Vestlandet både nasjonalt og internasjonalt.

Samarbeidet skal omfatte:

Vestlandsrådet skal m.a. arbeide for:

- Vestlandsrådet skal arbeide for at Vestlandet har ein berekraftig kyst- og ressursforvaltning som både sikrar omsyna til eit levedyktig næringsliv og til ei berekraftig utvikling av kysten.
- Vestlandsrådet skal arbeide for gode rammevilkår og føresetnader for viktige næringar på Vestlandet, som marine og maritime næringar, energibaserte næringar og reiseliv.
- Vestlandsrådet skal arbeide for å få bygd ut E39 Kyststamvegen til ein ferjefri transportkorridor av høg standard.
- Vestlandsrådet skal samarbeide med kunnskapsmiljøa og andre aktørar for å leggje til rette for innovasjon og næringsutvikling.
- Vestlandsrådet skal arbeide for at dei distrikts- og regionalpolitiske verkemidla kan bidra til at alle område i fylkene utvikler seg positivt.

- Vestlandsrådet skal arbeide for at landsdelen får gode internasjonale rammevilkår i samarbeid med nasjonale styresmakter og internasjonale organisasjonar som Nordsjøkommisjonen og CPMR.
- Gjennom nasjonale og internasjonale styresmakter arbeide for ein heilskapleg maritim politikk med fokus på maritim transport, sikkerheit og eit godt havmiljø.
- Vestlandsrådet skal arbeide for at statlege arbeidsplassar må få ein rimeleg geografisk spreiding.
- Vestlandsrådet skal arbeide med sikte på å styrkje det regionalpolitiske nivået gjennom å få overført reell mynde og fleire oppgåver til fylkeskommunane.
- Fylkeskommunane er viktige tenesteproducentar, og Vestlandsrådet skal arbeide for at fylkeskommunane har rammevilkår til å ivareta desse oppgåvene på ein god måte.

Organisering av Vestlandsrådet

Vestlandsrådet er eit interfylkeskommunalt samarbeidsråd oppretta med heimel i Kommunelova § 27, og er drive av Rogland, Hordaland, Sogn og Fjordane fylkeskommunar og Møre og Romsdal fylke.

Vestlandsrådet består av 20 medlem, 5 medlem frå kvart fylke valt av og blant medlemene i dei fire fylkestinga. Leiarskapen i Vestlandsrådet går på omgang mellom fylkeskommunane med intervall på eit år. Fylkesordførar i det fylket som har leiarskapen i rådet, er rådsleiar. Fylkesrådmannen i same fylke har innstillingsretten til rådet.